



Saksmappenr: 2022/413-6
Arkiv: L32
Sakshandsamar: Gudrun Sagneskar

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
57/24	Levekårutvalet	10.09.2024

Ny vegadresse - Vardefjellvegen

Kommunedirektøren tilrår:

Levekårutvalet i Valle vedtek at det vert oppretta ny vegadresse/vegnamn med heimel i lov om stadnamn § 7 og parsellinndeling som føreslege i saksframlegget.

For adresseparsell veg 1103, vedtek ein adressenamnet: Vardefjellvegen

Handsaming i Levekårutvalet av sak 57/2024 den 10.09.2024:

Handsaming:

Tilrådinga vart vedteken mot to røyster frå Gunvor Åkre og Kristin Nomeland.

Vedtak:

Levekårutvalet i Valle vedtek at det vert oppretta ny vegadresse/vegnamn med heimel i lov om stadnamn § 7 og parsellinndeling som føreslege i saksframlegget.

For adresseparsell veg 1103, vedtek ein adressenamnet: Vardefjellvegen.

Saksutgreiing:

Samandrag/ konklusjon

Reguleringsplan for Vardefjødd hyttefelt vart endeleg godkjent 18.12.2013. Då adresseprosjektet starta opp i 2015 vart ikkje dette området tatt med i adresseprosjektet som ein godkjent vegparsell. I 2022 starta det hyttebygging i området og hytter har ikkje fått tildelt adressenummer pga at her ikkje er godkjent vegnamn.

For å få adressert hytter i planområdet må vegnamn/adressenamnet kome på plass før ein tildeler adressenummer.

Bakgrunn for saka

Med heimel i matrikkellova og lov om stadnamn må kommunen opprette vegadresse/vegnamn der desse manglar.



Målet med arbeidet er å fastsetje vegnamn og så tildele adressenummer i området der det i dag er tildelt matrikkeladresser (gnr/bnr).

Som grunnlag for prosessen lagar administrasjonen forslag til adresseparsellar og vegnamn.

Formelt grunnlag

Lov om stadnamn (Stadnamnlova) § 5

Lov om eigedomsregistrering (Matrikkelova) § 21

Forskrift om eigedomsregistrering (Matrikkelforskrifta) §§50-51

Vurderingar og konsekvensar

Kommunen har heimel til å vedta adressenamn som følgje av lov om stadnamn §7.

Oppvekst- og kulturutvalet vedtok 08.04.2013, sak 20/13 fylgjande prinsipp for adressenamn i Valle kommune.

1. *Det skal nyttast eksisterande område/grendenamn i vegnamna eller ev. historiske namn.
Eks. Vatnedalsvegen*
2. *Det skal ikkje nyttast personnamn i vegnamna*

Oppvekst- og kulturutvalet vedtek vegnamn etter tilråding frå prosjektgruppa for kvar adresseparsell.


Oppvekst- og kulturutvalet er i dag Levekårutvalet.

Val av adressenamn i Valle kommune er delegert til levekårutvalet. Etter stadnamnlova er det bare skrivemåten av adressenamn som kan klagast på og ikkje sjølve namnevalet.

Med bakgrunn i prinsippvedtaket utarbeidar administrasjonen framlegg til fylgjande vegnamn:

Vardefjellvegen:

Reguleringsplanen heiter Vardefjødd og derfor vil Vardefjellvegen vere eit naturleg vegnamn.





Fleire av hyttefelta i Furestøylområdet har fått tildelt «fjell» i vegnamnet sitt i staden for «fjødd» med bakgrunn i Språkrådet v/Stadnamntenesta si tilråding, bl.a Løefjellvegen, Løefjellii m.fl.

Språkrådet skriv bl.a: «*Me tilrår prinsipalt at Vardefjellvegen blir fastsett som adressenamnform. Her syner me først og fremst til det som er den dominerande normeringstradisjonen i området. Jamfør òg med den følgjande regelen som står i § 1 i forskrifta: «Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor.» Substantivet fjell må kunna reknast som eit temmeleg vanleg ord i norsk daglegtale».*

Vardefjellvegen er i samsvar med tilråding frå norsk rettskriving og skrivemåten i Sentralt stadnamnregister (SSR). Dersom ein legg opp til å la førelekken i vegnamnet bli skriven *Vardefjødd*- må det reistas namnesak for det primære fjellnamnet.

Adresseparsell og vegnamn

Adresseparsellnr.	Namneforslag	Språkrådet si tilråding	Framlegg til namnevedtak
Veg 1103	Vardefjellvegen	Vardefjellvegen	Vardefjellvegen

Namneforslaget låg ute på lokal høyring der innbyggjarane kunne kome med innspel til vegnamnet, samt ressursgruppa og Brokke eigedom as.

Innkomne høyringsuttaler:

Nedanfor fylgjer merknadar som er kome inn i høyringsperioden

Avsendar	Brokke eigedom as
Gjeld	Veg 1103, Vardefjellvegen
Høyringsuttale	Lever godt med Vardefjellvegen
Kommentar	Ingen kommentar

Valle, den 30.05.2024

Vidar Homme
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Tilråding-språkrådet
- 2 1103_Vardefjellvegen_parsellkart

Andre dokument i saka: